



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7008 - 17/22777

Saksbehandlar:

Eileen M Feste

EMF@lindas.kommune.no

Dato:

07.09.2017

Temamøte 13. september; "Kva vil vi med Kystsogevekene?"

Kystsogevekene vert i år arrangert for 21. gong. Også i Nordhordland skjer det mykje. Lag og foreningar i regionen gjer ein stor jobb med å løfte fram kystkulturen!

Kulturkontora i Lindås, Meland og Radøy samt dagleg leiar i Kystsogevekene, ønskjer å sette fokus på framtida til kystsogevekene. «**Kva vil vi med Kystsogevekene?**» har vi sett som tittel på eit møte vi skal arrangere på «**Mølla**» på **Litlebergen onsdag 13. september kl 1800.**

Vi har fått Kystens mann – den kjende **NRK mannen Dag Lindebjerg** – som konferansier. Han er kjend for m.a. mange flotte program om kysten og folket som bur der.

Det vert paneldebatt med ordførarane i Lindås, Meland og Radøy samt dagleg leiar i Kystsogevekene Kjell Magnus Økland. Kjell Magnus er godt kjend med kystkultur og har m.a. ført i penn nominasjonen som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvliste over gode vernepraksisar. Han har mange tankar kring korleis Kystsogevekene bør utviklas.

Vi håper du med ditt kjennskap til kystkultur, kan vere med å synse om korleis Kystsogevekene skal utviklas for framtida. Spørsmål som t.d. korleis vi skal få engasjert fleire ungdom? Skal folk ta aktivt del i aktiviteter eller skal dei vere tilskodarar? Og korleis skal vi ta fjorden/sjøvegen meir i bruk? Korleis revitaliserer vi Kystsogevekene? Dette og mykje meir ønskjer vi tilbakemeldingar om!

Møtet er ope for alle interesserte, men vi sendar invitasjonar til spesielt interesserte!

Det vert enkel servering.

VI GLER OSS – VELKOMEN!

Med helsing

Eileen M. Feste
Lindås kommune

Eirik Eirik Bouwer Utne
Meland kommune

Bente Kopperdal Hervik
Radøy kommune

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

